

# Bodø-namna

*Av Eldar Heide*

*This article investigates the name of the town Bodø (Northern Norway) in Old Norwegian, its later development in Norwegian, the Saami forms, and the relationship between the forms. The article supports the view that Old Norwegian Boðin is a compound of boði 'a breaker' 'boding' hidden rocks' and vin 'a meadow', in which case the name refers to the flat, grassy landscape and the ancient Boðin farm's natural harbour surrounded by hidden rocks. In the traditional, local popular form of the name, /<sup>2</sup>bodøya/, the ð is retained because it was followed by a /w/ (\*Boðvin), which, the author argues, 'hardened' it to a d, and the -in turned into -øya 'the island' because the expected \*-a (from -in) was reanalyzed as a definite feminine article, which in island names has often been 'expanded' to -øya. Bodø is a Danization of /<sup>2</sup>bodøya/ (or <\*/<sup>2</sup>boda/), although likely with the o from written tradition (å, previously spelt aa, is the normal spelling of /o/), and a folk etymological connection with Danish bod 'a booth'. The present /<sup>2</sup>bu:dø/ is then a spelling pronunciation. Lule Saami Bådådjo also seems to reflect /<sup>2</sup>bodøya/, but with -øya replaced with a Saami word meaning 'island' only found in compound place-names, borrowed from Proto-Scandinavian \*auju. The same is the case with Pite Saami Budejju, although in this name, the first element seems to be influenced by the Norwegian spelling pronunciation with /u/ or/and a folk etymological connection with buvdða 'a shop, trading post'.*

At namnet *Bodø* finst i fleire variantar på fleire språk vart aktualisert av protestane mot skilting med det lulesamiske namnet *Bådådjo* i Bodø vinteren 2011. På pite-samisk er namnet *Buvdda*, og den fordanska forma *Bodø* heitte på eldre folkeleg norsk *Bòddøya*. *Bodin* var den seingammalnorske forma. At alle desse namna /

namneformene har samband med kvarandre, er det lett å ane, men ingen har til no drøfta *korleis* dei heng i hop. Det skal eg gjera her, i tillegg til å drøfte utgangspunktet for namnekomplekset.

Namnet *Bodin / Bodhin* o.l., gjerne normalisert *Bodin* i vår tid, er heimla i fleire kjelder frå fyrstninga av 1400-talet; ei av dei avskrift av eit diplom frå 1321. Namnet er altså minst så gammalt (men heilt sikkert mykje eldre). I alle desse kjeldene er det sokne- eller syslenamn, etter alt å dømme utgått frå garden som *Bodin kirke* ligg på no, sidan den er kjend som *Bodøgård* frå 1500-talet og framover (Rygh 1905: 199, 204 / Gudbrandson 1989: 556 ff. / Rimstad 1961:79; = *Amtmannsgården* seinare) og lendinga der heiter *Bodøsjøen*. (Dagens namn *Bodin* – på kyrkja som ligg på Bodøgård og heradet ikring byen fram til kommunesamanslåinga i 1968 – er teki opp att frå gammalnorsk. På 1800-talet heitte landheradet òg *Bodø (herred)*, men skifta namn til *Bodin* i 1896.) Rygh (ibid) foreslår at *Bodin* er eit *vin*-namn – altså at endinga *-in* opphavleg var *vin* 'grasland'. Det har fått allmenn tilslutnad og høver godt på terrenget, som er frodige sletter, og det stemmer med genitiven *Bodinjnar*, som er heimla frå ikring 1430. Rygh foreslår òg at føreleddet er gammalnorsk *bōði* m. 'grunnbot, bølge som bryt over undervasskjer (og slik varslar / *bōðar* / «bebuder» skjeret); bøde', og får støtte av Karlsen (1934:203), men ingen av dei drøftar om og i tilfelle kor topografien høver. Rimstad (1961:76 ff.) avviser denne forklaringa fordi det er «helt urimelig at en gård som lå på fastlandet, skulle kalles etter en båe i sjøen», og foreslår i staden at *Bodin* kjem av bekken som renn forbi garden. Vågslid (1974: 4) meiner den gammalnorske forma var *\*Bōðin*, med føreleddet *u*-omlydd av rota *\*bað-*, som skulle tyde «varm», men seier ikkje korleis det skulle høve på staden. Helleland meiner òg (1975: 84), etter tips frå Kåre Hoel, at den gammalnorske forma var *\*Bōðin* og at føreleddet er rota *bað*, men då i tydinga «opphøgd platå, terrasse». Ingen av desse forklaringane er rimelege. Det formelle grunnlaget er uklårt eller veikt, og ingen av dei høver spesielt godt på staden. Bekken er lite påfallande på alle vis, staden er neppe slåande varmare enn andre stader i området, og han ligg ikkje på noko platå, men på ei slette som stig svært slakt opp frå sjøen og ligg mellom bergrygger og berg(knausar). (At det opp gjennom hundreåra har bygd seg opp ein brei gards-haug under husa har ingen ting å seia for namngjevinga, som skjedde før det.). Bøde-forklaringa, derimot, høver svært godt, slik Gudbrandson peikar på (1989: 557). Båstøene til *Bodin* ligg ved ei vik med fleire bōdar og holmar utanfor. Namneleddet *-vin* i kombinasjon med at det ikkje er *i*-omlyd i føreleddet (ikkje *\*Byðin*) daterer truleg namnet til (tidleg i) merovingartida (Stemshaug 1997 / Grønvik 1987: 184), og då stod havet 4-6 m høgre (jf. strandlinjeprogrammet til Jakob Møller, Tromsø museum, og Børre Holmeslet, Nordlysobservatoriet, på <http://geo.phys.uit.no/sealev/>). Då gjekk vika lenger inn i landet, og fleire av dagens knausar eller holmar ville ha vori bōdar og skjer i denne vika. Naustområdet ved vika

heiter Bodøsjøen, som etter typen er eit gammalt namn (jamvel om føreleddet er fordanska), og må ha vori viktig for garden *Boðin* i gammal tid, då sjøen var ferdsleveg. Derfor ville det vera svært naturleg om garden som ligg på slette og oppover frå denne bøde-vika, kanskje 300 m unna med tidlegmerovingartids havnivå, vart kalla «bøde-grassletta», opphavleg *\*Boðavin*.

Eitt av dei gammalnorske belegga har vokalen *u* i *Boðin* (*Budina sokn*, 1417). Det kunne opne for å knyte namnet til norrønt *búð* f. 'bu, lite hus'. Men *u*-skrivemåten er heller ein skrivefeil. Sju gonger er nemleg namnet skrivi med *o* i mellomalderkjeldene, og den skrivemåten blir støtta av uttalen /<sup>2</sup>bodøya/ i nyare tid og lulesamisk *Bådåddjo*. Når *Boð-* i tillegg gjev god meining ut frå landskapet, er det all grunn til å tru at det opphavleg var *Boð-*, ikkje *\*Búð-*.

Det neste spørsmålet er korleis samhovet er mellom *Boðin* og /<sup>2</sup>bodøya/ («Bådøya»), som er den tradisjonelle, folkelege saltværingssuttalen av namnet på byen (Rygh 1905:199). Den forma er òg kjend frå gammalt Helgelands-mål, berre med lang vokal og kort *d* (Riksheim 1921: 34 Hansteen 1974). Det som må avklarast er om *Bòddøya* kan avleiast språkformelt og realt av *Boðin*, og i tilfelle korleis. Vi kan ta det reale fyrst. Byen Bodø vart grunnlagd i 1816 på Hundholmen, som no er høvla ned og innlemma i fastlandet og utgjer ein del av bykjernen. Hundholmen er tvillaust ein annan stad enn Bodøgård, men ikkje meir enn 2 ½ km unna. Sokne- og fjerdingsnamnet *Boðin* dekte heile området i mellomalderen (truleg ytre del av Bodøhalvøya, ytre del av Straumøya, og Væran; Holberg og Hutchinson 2009:191), og det burde ikkje vera problematisk at det vart knytt til det nye sentrumet som oppstod innanfor området, og fortrengde namnet *Hundholmen*, som byen vart kalla den fyrste tida, og kremmarlæggjet vart kalla før det (Holberg og Hutchinson 2009: 283, 332, 435, 460, 469 ff.). Ei slik utvikling kjenner vi frå mange stader. Til dømes var namnet *Voss* frå gammalt av namn på eit distrikt, og sentrum i det distriktet heitte (*Vossa*)*Vangen*, men det blir no meir og meir kalla *Voss*.

Så er det det formelle. Dersom *Bòddøya* kjem av *Boðin*, så er det overraskande at *ð*-en er bevart, for regelen er at *ð* fell bort etter vokal i nordnorsk, som stort sett elles i norsk. Men det finst unntak føre visse lydar. I dei nordlandske stadnamna *Rød(d)øya*, *Ved(d)øya* (på Røst) og *Lød(d)ingen* blir gammalnorsk *ð* uttala som lang *d* (Sandnes og Stemshaug 1997: 300, 375, Myrvang 1994: 87, 168). I dei to fyrste namna kjem nok det av at *ð* ofte held seg (som *d*) føre fremre vokal, som i adjektivet *grådig* allment i norsk, stundom med kort vokal og lang konsonant (sjå t. d. Skånlund 1933: 83). Dermed *kan ð*-en i *Boðin* ha vorti herda til *d* av den påfølgjande palatalen (som i *grådig*) etter at *v*-en var borte. Men det er lite truleg, for i det lydlike *boði* m. er *ð*-en borte (Finn Myrvang e-post 10.2.2011). Lydvoksteren i namnet *Lødingen* er heller ein parallell. Det kjem etter alt å døme av *\*Løðueng* 'løe-enga' (i *Lodengia sokn* ca. 1430, Rygh 1905: 297), og i så fall har det i ein overgangsfase heitt *\*/<sup>2</sup>lōðweng/*. Dermed er *Lødingen* parallelt til *Gud-*

vangen i Sogn, *Lydvo* på Voss (<*Lyðvin*), *Øydvinn* i Hardanger, *Skodvin* /<sup>2</sup>skødven/ i Nord-Hordland,<sup>1</sup> *radværing* 'person frå Radøyna i Nord-Hordland', som har *ð*-en bevart som *d*, og *vòdve* m. 'muskel', *ròdvatn* n. 'vatn til å stryke på brød' og *ròdvippe* f. 'liten kost til å gjera det med', som òg har *ð*-en bevart i ein del mål (Sandnes og Stemshaug 1997: 186, Olsen 1910: 415, 532, 477; Aasen 1873: 941, Ross 1971 [1895]: 610, 916; Johan Myking, Knarvik, 20.02.2011). Det ser altså ut til at *ð* kunne herdast til *d* og dermed bli ståande føre /w/ (som *v* vart uttala som fram til 13-1400-talet; Indrebø 1951 [før 1942]: 120).<sup>2</sup> Dermed høver det at *ð* står i *Bòddøya*, for det har utvikla seg frå *\*Boðvin* (steget mellom *\*Boðavin* og *Boðin*). I så fall er skrivemåten *Boðin* misvisande. Den er rekonstruert, for i handskriftene står det *d(h)*, slik regelen er i gammalnorske handskrifter, men etter vokal skriv vi likevel *ð* i normalisert norrønt, fordi vi veit uttalen var slik. I dette tilfellet stemmer det truleg ikkje: Då den etterfølgjande *v*-en var borte, var uttalen etter alt å døme hard *d*. Etter skrivemåtane frå tidleg på 1400-talet å døme, skjedde *v*-bortfallet på 1300-talet eller før. Vi burde altså skrive *\*Boðavin* og *\*Boðvin*, men *Bodin*, med *d*, på gammalnorsk òg. At *d*-en i neste omgang vart forlengd i Salten, men ikkje i Vefsn, stemmer med kva som skjer med andre gammalnorske stuttstavingar: På Helgeland blir vokalen forlengd, medan det lenger nord gjerne er konsonanten som blir det (*brot* n. > *bròt* på Helgeland, *brott* lenger nord). – At gammalnorsk *o* står som /o/, høver òg, for dét er regelen føre konsonant i saltværing (Skånlund 1933: 44. I *boði*, der konsonanten fall bort, er det derimot *ø*: *bøe* [Finn Myrvang e-post 10.2.2011]).

Om overgangen frå *Bodin* til *Bòddøya* seier Sandnes og Stemshaug (1997: 97) at namnet tidleg vart «omtydd til å vera s[a]m[an]s[ett] med ...øy». Det er tydeleg. Spørsmålet er korleis og kvifor det skjedde. Då må vi fyrst sjå på kva som elles har skjedd med endinga *-in* i saltværing. I Salten veit vi ikkje om andre namn samansette med *vin*, så vi har ikkje noko mønster for denne namnetypen. Det ville ikkje hjelpt så mykje, heller, for i stadnamn kan *-(v)in*-endinga gå mange vegar, jamvel innanfor same målet, nokså vilkårleg.<sup>3</sup> Men ei mulegheit vi kjenner frå andre landsdelar er at *-in* i *vin*-namn ter seg som *-in* i hokjønn og blir *-a*: Slik *músin* blir *musa*, blir t.d. *\*Melin* og *\*Dývin Mæla* og *Dyva* (Stjørdalen i Trøndelag, Rygh og Rygh 1903: 32, 44). Det same kan godt ha skjedd med *-in* i *Bodin*, og i så fall skulle namnet lydrett bli *\*Bòdda*. *A*-endinga frå dette steget kan vera reflektert i den pitesamiske forma *Buvdda* (som er heimla i Pitesamisk–lulesamisk–norsk

1) Andre stader blir dette namnet uttala *Skøe*, *Skui* o.l. (Sandnes og Stemshaug 1997: 409). Det er altså ikkje slik at *ð* alltid blir ståande (som *d*) føre *v*, men det er ein del døme på at det har skjedd.

2) Dette kan jamførast med at *ð* og *h* i konsonantsambandet *ðh* smelta saman til *d* eller *t* i leksikalisererte ord og stadnamn (Heide 2006: 153).

3) Ein viktig grunn til det er vel at dagens ending ofte ikkje skriv seg frå nominativ eintal *-in*, men dativ eintal *-in(n)i*, *-en(n)e*, dativ fleirtal *-o(m)*, eller nominativ / akkusativ *a(r)*.

ordliste på <http://alnakka.net/>), men \**Bòdda* kan ikkje forklare heile den namneforma; sjå nedanfor. Det er òg sannsynleg at 1500-talsformene *Boduargord* og *Boduordsgard* 'Bodøgård' (Rimstad 1961: 79, Gudbrandson 1989: 560) speglar dette steget. Dei viser ei folkeetymologisk kopling til mannsnamnet *Bodvar* (som òg kan ha hatt *ð* bevart som *d* føre *v*), og den koplinga er ikkje urimeleg ut frå den lydrette forma \**Bòdda(gar[d]jen)*. Koplinga til *Bodvar* ville sjølvstøtt vori endå meir naturleg dersom *v*-en i \**Bodvin* hadde vori med heile tida (til \**Bòddva*), men det er usannsynleg. Når ingen av dei åtte *Bodin*-belegga frå 1400-talet har *v*, er det rimelegare om det er koplinga til *Bodvar* som har ført *v*-en inn att – for ei tid eller berre i skrift.

Frå \**Bòdda* til *Bòddøya* kan vi tenkje oss ei folkeetymologisk omtolking hjelpt fram av ein tendens i nordnorsk øynamn utvikling: \**Bòdda* gav ikkje meining, men sidan bygda låg på ei halvøy, kunne namnet oppfattast som eit øynamn på linje med dei mange øynamna som er hokjønn i bunden form eintal, og hengast på tendensen til å gje slike øynamn-øya som ending i staden for *-a* eller *-o* eller *-å*, t.d. *Anda* > *Andøya*, *Gryta* > *Grytøya*, osv. Ei slik utvikling kan ha vorti hjelpt fram av at namnet var hokjønn (*vin* var hokjønn), jamvel om endinga \**-a* i \**Bòdda* eigentleg ikkje var hokjønnsartikkel. – Eit problem med denne forklaringa er at \**Bòdda* med tostavingstonelag (som andre *vin*-namn) ikkje ville svare heilt til bunden form av hokjønnsord med tostavingstonelag, altså linne hokjønnsord, for i tidleg nytid hadde den bøyingsklassen etter alt å døme *-o-* eller *-å-*ending i det aller meste av landsdelen (Christiansen 1951, 1962, jf. Heide 2010a. I Salten er det *-o* enno.). Rett nok har bymålet i Bodø *-a* i både linne og sterke hokjønnsord, men den forenklinga kom neppe før byen skaut fart i 1860-70-åra, altså lenge etter at namneforma *Bòddøya* må ha oppstått. Utfjerdingsmålet nord på Helgeland (Elstad 1982:45, 53) har neppe heller hatt *-a* i begge hokjønnsstypene så mange hundre år; den forenklinga har truleg oppstått i Rana pga. innflytting frå Sverige og har så spreidd seg derifrå (Ibid 52-53, 50-52 / Heide 2010b). Likevel burde ikkje den skisserte utviklinga vera urimeleg. Vokalen *-a* er òg ei hokjønnsending i saltværing, somme sterke hokjønnsord har tostavingstonelag i bunden form (som *mor*), somme nordnorske øynamn har frå gammalt av einstavingstonelag og dermed *-a*-ending i bunden form, t.d. *Anda* / *Andøya*, av *Qmð*, og \**Bòdda* kan ha vorti omlaga til eit overgangssteg \**Bòddo* fordi det hadde tostavingstonelag. Det kan neppe vera tvil om at det gammalnorske *Bodin* og *Bòddøya* er ulike utviklingssteg av same namnet, og då kan samhovet vanskeleg forklarast på annan måte enn eg har gjort her. Det kan kanskje sjå ut som eg steller opp mange hypotetiske steg i utviklinga, men i prinsippet er det berre eitt mellom *Bodin* og *Bòddøya*, nemleg \**Bòdda*.

Så er det namneforma *Bodø*. Den kan enkelt forklarast som ei fordansking av *Bòddøya*, bortsett frå at dersom utgangspunktet berre var uttalen /<sup>2</sup>bodøya/, så

skulle vi vente skrivemåte med *å* (*aa*) – som faktisk er heimla i 1610 (Rygh 1905:199) og dobbel *d*, altså *\*Bådø*. Skrivemåten *Bodø* kan likevel forklarast ut frå skrifttradisjonen, kanskje med folkeetymologisk kopling til dansk *bod* 'bu, lite husbutikk'. Dagens uttale med /u/ må så koma av skrivemåten med *o* (som oftast blir uttala /u/). Namneforma *Bodø* skriv seg frå tida då lensherren sat på *Bodøgaard*, lenge før byen vart grunnlagd, og har då vist til både lensherregarden og sokna / fjerdingen.

Den lulesamiske forma *Bådådjo* (Qvigstad 1893:355) kan òg avleiest frå *Bøddøya*, med føreleddet direkte lånt i dette namnet, medan etterleddet er eit eldre lån som finst i mange stadnamn, men berre der, oftast i forma *æddjo* (ibid. Det er altså i same kategori som *gulf / golf* i norsk, som berre finst i stadnamn lånte frå engelsk, som *Mexicogolfen* og «Gulfen»). Opphavet er truleg urnordisk *\*auju* (i [nord]samisk nærast spegla i *Máhkarávju* 'Magerøya'), som seinare blir *øy* i nordisk, og så er *d*-elementet i samisk lagt til for å danne sterkt stadium av ordet; for forma med berre *j* ville oppfattast som svakt stadium (Bokstavkombinasjonen *-ddj-* blir uttala om lag som *j-* i engelsk *journal*. Slik konstruksjon av sterkt stadium i lånord i samisk er ganske vanleg. Håkan Rydving 15.02. og 18.03.2011).<sup>4</sup> Det er overraskande at Qvigstad fører namnet opp med lang vokal i føreleddet, for etter det eg kan skjønne har det aldri vori lang vokal i det norske namnet før skriftuttalen av *Bodø* slo gjennom, neppe før slutten av 1800-talet. Nordsamisk *Budejju* (Kåven m. fl. 1995:617) har same etterleddet, men utan *d*-tillegget (parallelt til *Helejju = Áilu = norsk Helgøya* i Nord-Troms, jf. Qvigstad 1893: 355. Andre nordsamiske namn har *d*-tillegget i dette namneleddet, som *Jealmmeseadju* 'Hjelmsøya', Qvigstad 1938: 605). Kanskje kan forma *ejju* vera påverka av gammalnorsk oblik kasus *øyju*; *øy* ligg jo nærare *ej* enn *au* gjer. (Qvigstad 1944: 74 meiner *æddju* kjem av *øy*, men det er vanskeleg å koma frå at urnordisk *\*auju* har spela ei rolle.) Venteleg er *Budejju* ei yngre danning enn *Bådådjo*, sidan vokalismen i føreleddet svarar til den truleg seine norske skriftuttalen av forma *Bodø*. Den pite-samiske forma *Buvdda* kan (som nemnt) sjåast som ein refleks av den sannsynlege norske seinmellomalderforma *\*Bōdda*, men i tillegg er det tydelegvis skjedd ei omlaging på grunn av ei folkeetymologisk kopling til samnamnet *buvdda*, som tyder '(kram)bu, butikk, handelsstad' (jf. lulesamisk *bávddå* «affär», Korhonen 2007: 38), på same vis som namneforma *Bodø* truleg er assosiert med *bod* '(kram)bu, butikk', som er (opphavleg dansk form av) same ordet.

Som vi ser, bygger *Bådådjo* på eldre og meir ekte norske former enn *Bodø* gjer. Då er det ironisk at ein del nordmenn så hissig protesterer mot *Bådådjo*.

4) Stadieveksling er ei konsonantveksling som finst i finsk-ugriske språk. Ho kan populært kallast «konsonantismen sitt motstykke til omlyd».

5) I dette namnet er sterkt stadium *Jealmmeseadju* og svakt stadium *Jealmmeseaju*, som er det naturlege, medan svakt stadium av *Bådådjo* er *Bådåjo* (Håkan Rydving 18.03.2011).

**Litteratur:**

- Christiansen, Hallfrid, 1951: «Fra -o til -a i nordnorsk hunkjønnsbøyning». *Maal og Minne*. 56–63.
- , 1962: «Fra -å til -a i nordnorsk bøyingsystem». *Maal og Minne*. 144–48.
- Elstad, Kåre, 1982: «Nordnorske dialekter.» I Tove Bull og Kjellaug Jetne (red.): *Nordnorsk. Språk-arv og språkforhold i Nord-Noreg*. Oslo: Det Norske Samlaget. 9–100.
- Grønvik, Ottar, 1987: *Fra Ågedal til Setre. Sentrale runeinnskrifter fra det 6. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gudbranson, Terje, 1989: *Bodin bygdebok II-3. Gårds- og slektshistorie for kirkegrenda*. Bodø: Bodø kommune – Bygdebokkomitéen.
- Hansteen, Peder A., 1974: «Namnet Bodø – Bodøy» *Håløygminne*. 26–27.
- Heide, Eldar, 2006: *Gand, seid og åndevind*. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Bergen.
- , 2010a: «Namna Grøta(vær) og Gryta / Grytøya». *Håløygminne*. 222–24.
- , 2010b: «Tidleg dialektkontakt i Nord-Noreg (15-1600-talet)» [Manuskript. 10 sider].
- Helleland, Botolv, 1975: ««Over til Tromsø». Om opphavet til bynamna.» I Botolv Helleland (red.): *Norske stedsnavn / stadnamn*. Oslo: Grøndahl. 199 s.
- Holberg, Eirin og Alan Hutchinson, 2009: *Lenge før byen. Bodøs historie 1. Fram til 1816*.
- Indrebø, Gustav, 1951 [for 1942]: *Norsk Målsoga*. Bergen: [Norsk Bokreidingslag].
- Karlsen, Jørgen, 1934: «Noen notater om Bodin, m.m.» *Håløygminne*. 203–07.
- Korhonen, Olavi, 2007: *Báhkogirjje. Julevúsámes dárrui dáros julevúsábmaí*. Lulesamisk–svensk/svensk–lulesamisk ordbok. Jokkmokk: Sámiij áhdadusguovdásj/Samernas utbildningscentrum.
- Kåven, Brita m. fl., 1995: *Sámi-dáru sátnegirji. Samisk-norsk ordbok. Kárášjohka/Karasjok. Davvi Girji*.
- Myrvang, Finn, 1994: *Nøkkelen til Utrøst. Værøy: Lofotboka*.
- Olsen, Magnus, 1910: *Norske Gaardnavne II. Søndre Bergenhus Amt*. Kristiania: Fabritius.
- Qvigstad, Just, 1893: *Nordische Lehnwörter im Lappischen*. Christiania Videnskabs-Selskabs forhandlinger for 1893 No 1. Christiania: In Commission bei Jacob Dybwad.
- , 1938: *De lappiske stedsnavn i Finnmark og Nordland fylker*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning, serie B, skrifter 33. Oslo: Aschehoug.
- , 1944: *De lappiske appellative stedsnavn*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B. Skrifter 42. Oslo: Aschehoug.
- Riksheim, Vilhjelm, 1921: *Ljodvokstren i Vefsn-målet (Ner-Vefsn)*. Kristiania: Aschehoug.
- Rimstad, Erling, 1961: «Gårdsnavn.» *Bodin bygdebok*. Utgitt av Bodin kommune v/Bodin bygdebokkomité. [Bodø]: Bodin kommune. 63–104.
- Ross, Hans, 1971 [1895]: *Norsk Ordbog. Tillæg til «Norsk Ordbog» af Ivar Aasen*. Nyprint av 1895-utgåva, Christiania: Cammermeyer, som hadde med tillegg I og II; II basert på «Optegnelser» av Sophus Bugge. Tillegg III-VI kom i 1902, 1910, 1912 og 1913, og dei er med i 1971-utgåva. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rygh, Karl, 1905: *Norske Gaardnavne 16. Nordlands amt*. Kristiania: Fabritius.
- Rygh, Karl og Oluf Rygh, 1903: *Norske Gaardnavne 15. Nordre Trondhjems amt*. Kristiania: Fabritius.
- Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug, 1997: *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Skånland, Einar B., 1933: *Saltamålet. Kort oversikt over lydverket*. Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Universitetet i Oslo 10. Oslo: Aschehoug.
- Stemshaug, Ola, 1997: «Vin.» I Jørn Sandnes og Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamnleksikon*. Oslo: Det Norske Samlaget. 493–94.
- Vågslid, Eivind, 1974: *Stadnamntydingar II*. Oslo: Eigin utgjevnad.
- Aasen, Ivar, 1873: *Norsk Ordbog*. Anden forøgede Udgave af Ordbog over det norske Folkesprog. Christiania: Malling.

